


Prosjekt Zip-team,

- rekruttering og opplæring av fosterheimar i geografisk nærleik

Prosjektet utviklar ein modell for rekruttering og opplæring av fosterheimar, som i større grad kan bidra til å styrke nærmiljøperspektivet når barn må flytte ut av sitt relasjonelle nettverk. Prosjektet utviklar ein modell med utgangspunkt i den ansvarsfordelinga som ligg til Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) og kommunalt barnevern i dag.



Hovudmål

Styrke rekruttering og opplæring av fosterheimar lokalt for å sikre at flest mogleg barn kan verte buande i sitt nærmiljø når det ikkje finst omsorgsalternativ i relasjonelt nettverk.

Prosjektet utviklar ein modell for rekruttering og opplæring av nøytrale fosterheimar med utgangspunkt i gjeldande ansvarsdeling mellom stat og kommune. Modellen skal enkelt kunne tilpassast lokale forhold og dermed kunne nyttast i alle kommunar. Modellen baserer seg på eit forpliktande samarbeid mellom Bufetat og kommunen. Eit fast team, som består av faste kontaktpersonar frå Bufetat og kommunen, har ansvar for å gjennomføre fastsette oppgåver knytt til rekruttering og opplæring av fosterheimar. Modellen gjev ei tydeleg skildring av arbeidsoppgåvene for Bufetat og kommunen i dei ulike fasane av arbeidet.

Hovudinhaldet i prosjektet framover

- Ferdigstille modell for rekruttering og opplæring av fosterheimar i geografisk nærheit.
- Gjennomføre pilot i drift av modell for rekruttering og opplæring av fosterheimar.
- Piloteringa av modellen skal kvalitetssikre prosess og samarbeidsstrukturar før ein gjev tilbod om at andre kommunar kan ta modellen i bruk.
- Prosjektet har mål om å bidra til å styrke tillit og samarbeidsklima mellom Bufetat og kommunale barnevern stenester når det gjeld rekruttering og opplæring av fosterheimar.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med

Hege Gundersen, barnevernsleiar på e-post: hege.gundersen@oygarden.kommune.no

Lita H. Erstad, prosjektleiar på e-post Lita.erstad@oygarden.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Øygarden og Alver, og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)